

med folk mot makta



**Raud
Valallianse**



RV KREV AT DEI RIKE SKAL BYRJE Å BETALE FOR SEG



Noreg er eit paradys for folk med pengar

Aslak Sira Myhre, 1. kandidat i Rogaland og leiar i RV



Ungdom som veks opp i Noreg på 90-talet går ikkje ei trygg framtid i møte. Arbeid har igjen vorte eit knapp-

hetsgode som ein er usikker på om framtida gjev. Marknaden avgjer, og ingen kan spå om han. Studielåna er like låge som minstepensjonen og pengane vert krevd tilbake til staten i trifold. Blant unge jenter er ei av dei vanlegaste dødsårsakene spiseforstyrningar. Kroppsfikseringa og det kvinnebiletet som reklamen og pornoen gjev, held framleis jenter nede. Regjeringa byggjer gasskraftverk, medan øyer i Stillehavet vert oversvømte som ei følgje av menneskeskapte klimaendringar. Samstundes som dette skjer, er forutsetnadene for å skapa ei trygg framtid større enn nokon sinne.

RV er eit annleis parti, vi trur ikkje at heile verda endrar seg om du, og mange med deg, puttar RV-setelen i urna den 15. Men vi trur at vi saman med deg kan skapa eit samfunn kor ungdom og alle andre har ei trygg framtid. Problemet i dag er at kvar gong ein finn ei vettug løysing på eit problem menneske i Noreg møter, så kjem ein polititar, økonom eller direktør fram på TV og seier at det nok diverre er umogleg å løyse problemet, for då kjem inflasjonen eller noko anna farleg. RV trur ikkje på polititarane, vi trur på folk. Vi vil skapa eit samfunn der dei lure løysingane er moglege, og folk sine interesser styrer, ikkje penge-makt og profitt. Eit samfunn styrt av arbeidsfolk.

Skal vi få eit slikt samfunn, må folk ikkje nøye seg med å putte ein setel i ei urne annakvart år, vi må ta makta i egne hender. Vi vil ta makta frå Jagland og Røkke, og skapa ein sosialisme som verda aldri før har sett, eit samfunn med ei trygg framtid for deg og meg.

Noreg er rikare enn nokon gong. Milliardane fossar inn frå Nord-sjøen og eigarane jublar over utbyttesfesten på Børsen. Men kvar dag ser vi at desse pengane ikkje kjem folk flest til gode, tvert imot; situasjonen blir stort sett verre og verre for skuleungar, alei-nemødrer, eldre og sjuke. Arbeidsfolk blir kvart år gjennom solidaritetsalternativet pressa til moderasjon, medan Røkke og rikingane tener milliardar.

Det må ikkje vere sånn, men så lenge interessene til pengemakta blir sett i høgsetet, så lenge politikarane med AP i spissen seier at det er greit at profitten står over arbeid for alle, miljø og velferd, så vert det slik.

Den politikken som AP-regjeringa fører er ein politikk som rammar dei mange, og legg tilhøva til rette for dei få. Gjennom oljefondet blir Noreg tappa for ressursar, og gjennom skattepolitikken får dei rikaste sitt.

Pengane staten tener blir ikkje brukt på folk i Noreg, istaden går dei til å bygge oljefondet. I dag står det omlag 50 milliardar kroner på fondet, for framtida ynskjer Jens Stoltenberg og AP at oljefondet skal bli på heile 3000 milliardar kroner. Desse pengane skal brukast til å kjøpa aksjar i Shell, Coca Cola og andre store multinasjonale selskap.

For å sikra framtidens velferd trengs ei satsing på utdanning, miljø og infrastruktur. AP står for det motsette: Oljeformuen pumpast opp ein gong for alle i rekordfart, matjord blir lagt brakk, velferdsstaten blir rasert og skuleungar går for lut og kaldt vatn. Dette er sviket mot framtidige generasjonar.

RV KREV SATSING PÅ VELFERDSSTATEN



Den norske stat har på grunn av olja, ein nettoformue på fleire hundre milliardar kroner

Torstein Dahle, I. kandidat i Hordaland



RV vil at dei ressursane vi rår over skal nyttas til beste for folk i Noreg, og med omsyn til miljøet. RV går difor inn for

ein kraftig reduksjon i oljeutvinnings-tempoet. Vi vil ikkje at framtidens velferd skal basera seg på pengar vi tener på Coca Cola si utnytting av arbeidsfolk og miljøet i den tredje verda. Vi vil i staden bruka pengane til å byggja ut velferdstaden og fastlandsnoreg sin verdiproduksjon.



Den norske stat driv med utplyndring av folk i den tredje verda

Erling Folkvord, 1. kandidat i Oslo



Skattesystemet er idag slik at ein i røynda tek frå dei som har minst og gjev til dei som har mest. Røkke og dei andre rikfolka har store fordelar og hol i skattelova. Aksjeutbytte skattefritt og formueskatten innretta på eit vis som gjer at ein kan skjule pengane sine i hus og eigedom.


Resultatet er at dei som lever av andre folk sitt arbeid, og tener millionar, mest ikkje treng å betala skatt i det heile, medan arbeidsfolk betaler opp imot halve løna i skatt. Ein av Noregs rikaste menn, Christian Sveeas, betalte i 1996 ikkje ei krone i skatt. Denne skattepolitikken er det det såkalla Arbeidarpartiet står for. Fleire av dei beste ordningane for kapitalistane vart innførte med Ap sin skattereform i 1992. RV vil ha ein skattepolitikk som tek like mykje skatt frå dei som lever av aksjer og kapital som den tek av arbeidsfolk si inntekt. Ingen av dei andre partia stør dette forslaget.

Det er ingen tvil om at det finst ein masse pengar, og at vi kan velgja kva dei skal brukast til. NHO og Regjeringa ynskjer å halda lønene nede, tvinga fram privatisering og bruka oljemilliardane til å gjere seg sjølv rikare på arbeidsfolk i heile verda sin kostnad. Vi vil bruka pengane til å sikre at folk i Noreg får eit best mogleg velferdstilbod, til gratis barnehage, sjukehus og sjukeheim, og til å sikra miljøet si bærevne i framtida. Dagens politikarar og ikkje minst pengefolka vil ikkje godta dette. Vi har stilt krav på Stortinget om auka innsats for eldre, meir pengar til kommunane og eit miljøvenleg oljeutvinningstempo.

RV vil kjempa mot all slags rasisme. Rasismen seier at nokre menneske på grunn av hudfargen sin har mindre verdi enn andre. Samstundes splittar rasismen oss som må stå saman mot åtak frå NHO, regjeringa og eigarane. Rasismen peikar ut Ali og Ahmed som syndebukk både for arbeidsløyse og helsekø, på same måte som jødane var syndebukk under krisa på 30-talet. Dei partia som er mest imot innvandring, er også dei partia som klårast tek stilling for rikfolk og mot arbeidsfolk sine rettar. Når "dei framandkulturelle" får skulda for arbeidsløysa og ungdomskriminalitet kan Røkke og venene hans vera sikre på at dei får sitje i fred med makta i enno mange år. Det er berre overklassen som tener på rasismen og at Noreg fører ein politikk for stengde grenser.

I 1975 innførte Noreg innvandringstopp. Sidan den gongen har det vore nesten umogleg for andre enn kvite europeiske eller amerikanske innvandrarakoma til Noreg. I 1996 fekk 6 menneske asyl i Noreg. Denne politikken er rasistisk, nett som måten innvandrarakoma utanfrå Europa blir behandla i Noreg. Norsk politi, saman med UD og politikarane, kriminaliserer flyktningar, slik vi har opplevd i Gholamsaka og i mange andre saker. RVs framlegg til ny innvandringslov vil gje innvandrarakoma frå Afrika, Asia, Latin-Amerika og Aust-Europa like vilkår som vesteuropearakoma og amerikanarakoma. Vi gjev folk som flyktar frå krig og undertrykking ein rett til å få opphald i Noreg, og ein rett til å bli behandla som menneske. RV ynskjer ein innvandringspoli-

RV KREV EIN HUMAN INNVANDRINGS- OG FLYKTNINGEPOLITIKK



Den norske stat driv ein rasistisk politikk

Jon Michelet, l. kandidat i Østfold



tikk som er basert på solidaritet med folk i den tredje verda, og ikkje med dei rike industrileiarane og diktatorane.

RV KREV UTMELDING AV EØS OG SCHENGENAVTALEN



Kampen mot EU fortsett over heile Europa

Charlotte Kristiansen, I. kandidat i Troms og nestleiar i RV



Den Europeiske Unionen er eit prosjekt laga av og for dei aller rikaste i Europa. Det same gjeld alt som fylgjer med EU: EØS, Schengen, pengeunionen osv. EU-sjefane byggjer opp ein superstat på eit lovverk som er til for å sikra stor-kapitalen størst mogleg vekst. Dette fører til kraftige åtak på det meste folk flest har stridd for. Velferd blir rasert, tariffavtaler undergravde, småbønder blir sentralisert vekk, miljøkrav blir fjerna. Alt slikt er å reikna som hinder for kapitalen, og skal difor vekk.

Etter folkets Nei i 1994 har regjeringa og Ja-sida til fulle vist at dei ikkje er demokratar. Dei seier rett ut at dei vil knyta oss tettast mogleg til EU, dvs undergrava folkerøystingane frå '72 og '94 mest mogleg. Dette gjer dei gjennom EØS, Schengen, den utvida EØS-avtalen, asosiert medlemskap i Vestunionen med meir. RV ynskjer at Nei-sida skal markera seg klårare, og gjera ein samla innsats for å pressa EU-spørsmåla inn på dagsorden.

RV er for utmelding av EØS, for utmelding av WTO (GATT), vi seier nei til Schengen og meiner Noreg ikkje skal vera knytt til Vestunionen. RV er for internasjonalt samarbeid mellom likeverdige land, men mot alle overnasjonale byggverk der dei sterkaste statane dikterer det meste, slik som i EU.

RV har vore på Stortinget i fire år. Erling Folkvord frå Oslo har i løpet av dei fire åra synt at det er mogleg å vera tingmann utan å bli lik dei andre. RV har jobba med folk utanfor Stortinget i heile perioden, vi har reist rettvisе krav uavhengig av om økonomane synest det var riktig. Vi har

jobba med fagrørsla for å organisere motstand mot innskrenkingar i streikeretten. Vi har jobba med klientaksjonar og sosialhjelpsmottakarar mot velferdsmeldinga og innskrenkingane i sosialomsorga. Vi allierte oss med kvinner og kvinnerørsla i kampen mot strippebarar og i kamp for 6-timersdagen.

I 1919 vart 8 timars arbeidsdag innført i Noreg, etter hard kamp. Sidan den gongen er produktiviteten mangedobla, det same er rikdomen til eigarklassen. For arbeidsfolk ville det vore eit stort framsteg med 6 timars arbeidsdag. Men eigarane er ikkje interessert i folk sin livskvalitet, dei vil ha oss til å arbeida mest mogleg for lågast mogleg løn. Difor har normalarbeidsdagen berre krympa med 30 minutt på 78 år.

6 timars arbeidsdag med full lønskompensasjon er eit kvinnekrav. Det er kvinner som har den største mangelen på tid, avdi det framleis er kvinner som tek hovudansvaret for heim og ungar. Gjennomsnittleg arbeidsdag for kvinner i Noreg er 6 timar. Men dette gjer kvinner fattige. Kvinner har 56 prosent av menns bruttoinntekt, og stordelen av dette skillett kjem av at kvinner har mindre arbeid, altså deltid.

6 timarsdagen er eit svar på den "fleksibiliseringa" som eigarane vil pressa på oss. Det er sant at det trengst ein arbeidstidsreform, men NHO sine drøymar om masse deltid, usikre kontraktar, tidskonto osv er fleksibel arbeidskraft for eigarane, ikkje fleksibel arbeidstid for arbeidsfolk. Vi vil forsvare for normalarbeidsdagen og driva kamp for 6 timars arbeidsdag med full lønskompensasjon!

V i har stilt mange framlegg som berre har fått ein stemme. Framlegg om auka minstepensjon med 1000 kroner i månaden, om betra studiefinansiering, om forbod mot eigendelar på helse og omsorg, om meir skatt for dei rikaste og meir pengar til dei fattige kommunane. I nokre saker

RV KREV 6-TIMARS ARBEIDSDAG



RV meiner 6-timersdagen vil gje folk ein betre kvardag

Marit Danielsen, nestleiar i RV



har vi fått gjennomslag, og i nokon saker får vi folk på gli. RV på tinget er ein garanti for at dei gode framlegga vert stilte, at politikarane må forhalde seg til krav utanfrå, og at folkelege rørsler og enkeltpersonar har ein alliert innanfor murane som er med folk - mot makta.

BLI MED I RAUD UNGDOM !



Marte Brekke Michelet er leiar i Raud Ungdom.

Vi har ikkje tenkt å sitja med hendene i fanget og sjå på at eigarklassen kastar oss ut i arbeidsløyse. Eller utnyttar ungdom i jobbar med låg løn og null tryggleik frå dag til dag. Vi sit ikkje roleg og

- Eg vil ha meir info om Raud Valallianse
- Eg vil bli medlem i Raud Valallianse
- Eg vil ha meir info om Raud Ungdom
- Eg vil bli medlem i Raud Ungdom

Namn: _____

Adresse: _____

Postnr: _____ Stad: _____

Tlf: _____

Send slippen til Raud Valallianse/Raud Ungdom
Osterhausgate 27, 0183 Oslo - tlf 22 98 90 50

ser på at politkarane legg ned fritidstilbod, raserer skulen, bygger gasskraftverk og snik oss inn i EU. Vi har tenkt å slå tilbake!

Media vil ha oss til å tru at vi er ein del av "Generasjon X", ein generasjon som gjev faen i alt, og berre tenkjer på å flippa ut mest mogleg. Dette er ikkje sant! Ungdom var superaktivistar på Nei-sida under innspurten til folkerøystinga om EU, ungdom driv fram kampen mot gasskraftverk og mot Schengen. Vi har teke opp kampen mot H&M's anoreksiasilikon-reklamer, ungdom er antirasistar, skuleelevar demonstrerer mot nedskjeringar og åtak ovenfrå, vi driv solidaritetsarbeid for Kurdistan, vi er ikkje ein passiv idiot-generasjon!

Og vi har ikkje tenkt å nøya oss med å kjempa om einskildsaker. For vi lever i eit samfunn kor interessene til dei rikaste styrer det aller meste, og det er på høg tid at vi skapar et verkeleg folkestyre. Eit sosialistisk samfunn kor interessene til det store fleirtalet går framfor Kjell Inge Røkke og andre snyltarar sitt krav om maksimal profit.

RAUD UNGDOM er:

► Ein organisasjon for ungdom som vil ha eit rettferdig samfunn utan undertrykking.

► Ein aktivistorganisasjon. Nokre gjer myke, nokre gjer litt, men alle gjer noko.

► Organisasjonen for deg som vil diskutera og læra, både om korleis verda ser ut og kva som skal til for å få slutt på undertrykking, arbeidsløyse og fattigdom.

► Dei viktigaste sakene for Raud Ungdom er for tida jentekamp og antirasisme.